



Det vert med dette kalla inn til møte i

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Møtt:

Claire Ghetti, programstyreleiar
Kjetil Hjørnevik, programkoordinator, nestleiar programstyret
Brynjulf Stige, intern fagrepresentant
Fridtjof Bjelland Nicolaysen, studentrepresentant
Moritz Menz, studentrepresentant
Fredrik Due-Olsnes, studiekonsulent

Meldt forfall:

Monika Overå, ekstern fagrepresentant

Tid: Torsdag 23.10.25, kl. 13:15-15:00

Stad: GA / Microsoft Teams

Møte: 6/2025

Arkivnr: 2025/1011

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II Godkjenning av protokoll programstyremøte 25.09.2025

Godkjent

III Sakar:

Vedtakssakar:

MUTP 24/25 Endring studieplan – PSYK130-MUTP130

Vedtak:

Programstyret vedtar følgjande, ikraftsetjing hausten 2026:

- Fjerning av PSYK111 frå studieplan, i samband med nedlegginga av emnet
- Innføring av PSYK130 (10sp) som obligatorisk emne i 3. semester
- Oppretting av MUTP130 (5), som obligatorisk emne i 3. semester
- Fjerning valet om MUV280/SANT104 som alternativ til PSYK-emne

I tillegg til merknadar som kom fram i møtet:

Ny tittel: MUTP130 Profesjonsførebuande: Tverrfagleg kommunikasjonskompetanse

Bytte om dei to første avsnitta under mål og innhald i emneskildringa

Krav til forkunnskapar - MUTP100 og MUTP103

MUTP 25/25 Studieplanrevisjon – Arbeidsgruppe

Vedtak:

Programstyret godkjenner forslaget til arbeidsgruppe, og legg fram plan for revisjonsarbeid i programstyremøte 11. desember. Arbeidsgruppa får mynde til å finne studentrepresentant, helst frå 4. trinn. Arbeidsgruppa er og oppmoda til å konsultere med POLYFON sitt erfaringspanel og studentrepresentantane undervegs.

Diskusjonssakar:

MUTP 26/25 Terapeutiske dugleikar

Terapeutiske dugleikar i musikkterapi kan vere munnlege dugleikar, emosjonelle kompetanse, gruppeteknikk og musikalsk kompetanse. Per dags dato er utviklinga av munnlege dugleikar tatt opp i emna MUTP305/306/303 og RelKom. Det er uttrykt behov for å styrke munnlege dugleikar på tvers av studieløpet.

Studentar opplever ofte at dei manglar nødvendig kompetanse når dei går ut i dei første praksisperiodane. Dette peikar på eit behov for å introdusere og arbeide med terapeutiske dugleikar tidlegare i studieløpet.

Grunnleggjande instrumental kompetanse er ein viktig del av dette, og bør få større merksemd i undervisninga.

Det er interesse for å bruke meir tid på dette temaet framover. Eit forslag er å undersøke korleis terapeutiske dugleikar vert arbeidd med i profesjonsstudiet i psykologi ved UiB, som kan gi nyttige perspektiv og inspirasjon.

Det er ønske om å framheve terapeutiske dugleikar som ein sentral del av studiet i arbeidet med revisjon av studieplanen. Dette bør reflekterast tydeleg i framtidig planlegging og utvikling av studiet.

Signe Stige har uttrykt interesse for å halde eit føredrag for lærarteamet om temaet, dersom det er ønskjeleg.

Det er viktig å sjå nærare på sjølve handverket i musikkterapi og korleis dette vert integrert i studiet. Dette inkluderer både praktiske ferdigheiter og refleksjon rundt terapeutisk rolle og metode.

IV Referat og orienteringssaker

MUTP 27/25 Universell utforming

Informasjonssak

MUTP 28/25 Forskalinja – rekruttering og informasjon

Informasjonssak

V Eventuelt

Langsiktig rekrutteringssak

Polyfon vil gjerne sonde som det er støtte frå programstyret og fagmiljøet for at Polyfon kan legge til rette for prosjekttildelingar til vidaregåande skuler som vil utvikle undervisningsopplegg knytt til musikk, helse og samfunnsdeltaking – som ein del av eit langsiktig rekrutteringstiltak. Temaet blei kort presentert for programstyret, og programstyret stiller seg positiv til dette. Saken vil bli tatt opp som diskusjonssak på neste møte.

NOU 2025:7

17.11.2025
Claire Ghatti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær